ALVER
KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| | | |
|---|---|---|
| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Larissa Dahl | 08.12.2021 |
| Vår: 20/6606 - 21/83248 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Mellombels bruksløyve - firemannsbustad BKS1 gbnr 322/13 seksjonar 13-16 Mjåtveit

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 1324/21** |
| **Tiltakshavar:** | Gripsgård Bygg AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arkoconsult AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for firemannsbustad BKS1 på gbnr gbnr 322/13 seksjonar 13-16 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande tiltaket: tremannsbustad BKS1.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 01.06.22.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 19/1224 datert 23.09.19.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Avklaring kring Møre Royal kledning.
2. Ferdigstilling av utomhus inklusiv veg, fortau, VA-anlegg i sak 20/6675.
3. Dokumentasjon for avfallsrapport.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: firemannsbustad BKS1 i Mjåtveitstø bustadfelt.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.06.22.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.12.21.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Mjåtveitstø 26A - seksjon 16, 26B - seksjon 14, 26C - seksjon 13, 26D - seksjon 15 |
| Bygningstiltak: | firemannsbustad |
| Bygningsnummer: | 300887754 |
| Bruksareal: | Mjåtveitstø 26A-85,7 m2; Mjåtveitstø 26B-85,7 m2; Mjåtveitstø 26C-85,7 m2; Mjåtveitstø 26D-85,7 m2 |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 2 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/6606

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande | Larissa Dahl |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Gripsgård Bygg AS | Moldekleivmarka 69A | 5919 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOSSEN |